



MISJON UTEN GRENSER


Kyrkjelyden i Aukra har gått inn på eit nytt misjonsprosjekt. Vi vil støtte Misjon Uten Grenser sitt arbeid i Moldova, nærmare bestemt i ein liten landsby som heiter Cantemir.

Vi har hatt besøk av ein medarbeidar frå Misjon Uten Grenser, Roar Åkre, som har fortald oss ein god del om arbeidet deira i Moldova. Moldova er det nest fattigaste landet i Europa. Ein kan godt seie at dette er folk som ikkje har noko. I tillegg opplever ein at den dyktigaste delen av befolkninga flyttar ut, slik at landet gradvis blir avfolka og fattigare. Mange vaksne kan reise frå ungene sine att heime for å få seg arbeid andre stader i Europa, og somme kjem ikkje tilbake. Misjon Uten Grenser sitt arbeid går ut på å hjelpe ungene til å ha eit godt liv. Det vert gjort ved at dei har eit misjonssenter der ungene er velkomne til å kome og få eit måltid mat om dagen. Dei kan vere der og få leksehjelp, og det vert feira fødselsdagar for dei. I tillegg prøver personalet på misjonssenteret å gi ungene opplevingar i form av turar. Regelmessig vert det halde barnemøte der ungene får høyre den kristne bodskapen. Roar Åkre fortalde også om at ein del ungar ikkje går på skole, for sjølv om skolen er gratis, har ikkje ungene det utstyret dei treng for å gå dit. Dei manglar f.eks. skolesekk.

I Moldova er det kaldt om vinteren og det er behov for varme klede. Ei dame i kyrkjelyden vår kom på at da kan det sikkert vere godt med ullsokkar på føtene, for dersom ein er varm på føtene, kjenner ein seg ofte varm elles også. Ho har strikka sokkar sidan i vår, og Roar fekk med seg ein berepose full, som han skulle sende vidare til Moldova. På ein tysdagskaffe i Kyrkjelydshuset no i november møtte ei anna dame opp med sokkar. Ho hadde høyrte om misjonsprosjektet vårt.

Vi har ein ide om at dette misjonsprosjektet ikkje berre skal dreie seg om ei ofring i kyrkja i ny og ne. Men at vi kanskje kan involverast på andre måtar. Vi kan ha 2 – 3 aksjonar i løpet av året der vi samlar inn andre ting. Eit tiltak skal vere å samle inn varme klede som vi kan sende nedover til Moldova.

Klesinnsamling vil gå føre seg kontinuerleg. Vi har fått til ein avtale med Atlantic Auto ved hjelp av Baard Andre Fanghoil, slik at vi får frakta pallar med klede gratis til Porsgrunn der Misjon Uten Grenser har hovudkontoret sitt. Eit anna tiltak skal vere å hjelpe til rundt skolestart, slik at så mange som råd av barna får seg skolesekk, så dei kan gå på skole. Ein skolesekk med litt utstyr til eit barn kostar 250 kr. Vi kjem til å invitere til å gi ein skolesekk like før sommarferien, slik at Misjon Uten Grenser kan bruke pengane og kjøpe inn sekkar, så ungene har det til skolestart i september. Eit tredje tiltak som ein ser for seg, blir å lage ei innsamling av små julegåver som kan sendast nedover til jul. Frist for å sende inn slike gåver er 1. oktober, så vi organiserer ein slik innsamling i september.



Kanskje du som les dette, også kjem på andre gode idear, slik at dette blir eit skikkeleg misjonsprosjekt for heile kyrkjelyden. Det er fint om vi får innspel på dette.

Det er også mogleg å vere fadder for eit barn, eller ein familie. Dersom du kan tenkje deg det, vil du finne meir informasjon i kyrkja vår.